

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Avdeling for  
**Strategisk utvikling og digitalisering  
(SUD)**

---

Dato	23.06.2022
Vår referanse	2022/57631-4
Dykkar referanse	20/1136 - 22/36866
Sakshandsamar	Liz Eva Tøllefsen
E-post	Liz.Eva.Tollefsen@vlfk.no
Telefon	

## Fråsegn til høyring av detaljplan for Holme - Alver kommune

Vi viser til brev datert 13.5.2022 om høyring av forslag til detaljregulering for Holme. Planframleggget legger til rette for eit nyt bustadfelt i form av to- og firemannsbustadar, totalt er det planlagt 30 nye eininger. Sør i planområdet vert eksisterande røyrliggjarbedrift regulert til næringsformål. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er avsett til bustadområde.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 4.10.2019 og 13.1.2020. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

## Vurdering


### Veg og infrastruktur

#### Fylkesveg

Det er planlagt tilkomst til bustadområdet via eksisterande avkjørsle frå fylkesveg 5314. Det vert lagt til grunn ein ÅDT på ca. 140 frå den private vegen til fylkesvegen, etter ferdig utbygging.

#### Trafikktryggleik

Det er regulert fortau frå det regulerte bustadområdet til Blåklokka barnehage slik Statens vegvesen har bede om. Vi meiner det også må stillast rekkefølgjekrav til opparbeiding av dette.



Planen legg opp til ei kryssing av fylkesvegen like nord for avkøyrsla til f\_SKV2, då det er regulert fortau langs denne vegen og ut til og noko langs fylkesvegen. Slik vi vurderer området så meiner vi dei fleste som skal krysse fylkesvegen her vil krysse for å gå sørover mot butikk og fv. 564 for busshaldeplassane der. Difor meiner vi det er meir naturleg å legge til rette for kryssing av fylkesvegen sør for denne avkøyrsla i staden for.

Vi ber om at det vert vurdert å legge fortauet som er regulert langs f\_SKV2 på sørsida ut av avkøyrsla, eller at det vert vist til kvifor det er tenkt at fortauet skal ligge på nordsida av avkøyrsla.

#### Avkøyrlene

Vi ber om at avkøyrlene får markert svingradius i plankartet. For avkøyrsla til bustadfeltet må den vera  $R=9$  meter. Og siktssona her må vera  $6 \times 45$  meter.

Det ligg ved ein teknisk teikning for den interne vegen i planområdet, men ikkje for fylkesvegen. Vi ber om å få tilsendt tekniske teikningar av fylkesvegen og alle avkøyrlene til fylkesveg slik at vi kan vurdere utforminga av dei.

Avkøyrsla til BKB1er allereie regulert i reguleringsplanen Holme forretningsområde med planid 125620140002. Men Statens vegvesen hadde merknad til oppstart av denne planen om at det var naturleg å vurdere denne avkøyrsla på ny når arealet innanfor vert regulert her. Vi ser utforminga av avkøyrsla er stramma opp i denne planen, men vi ber om at svingradius vert teikna på plankartet og at vi får ei vurdering på kva som er lagt til grunn for utforminga av den.

#### Vegutforming i plankartet

Det ser ut som at vegbreidda er teikna inn i plankartet etter dagens situasjon, kor det vert ei utposing av vegen sør for bustadområde, og vi ønsker ei forklaring på kvifor det er gjort slik. Eventuelt vil vi be om at det vert regulert samevegbreidde gjennom heile planen.

Vi ser det er regulert ein vegetasjonsskjerm på f\_GV som er tenkt som ein grøn buffer mellom fylkesvegen og leikeplassen f\_BLK1. I plankartet ligg den i byggegrensa, men området skal også ha frisikt for ei av avkøyrlene. Difor vil vi be om meir informasjon som høgde og utforming av denne vegetasjonsskjermen.

#### **Byggegrense**

Det er regulert ei byggegrense som ikkje er jamn og vi kan ikkje sjå at det står kva avstand den skal vera. Vi ber om at byggegrensa vert sett til 15 meter jamt i plankartet og det må stå kva den er i føresegna.

#### Parkering

Det er planlagt nokre på eigen grunn og to felles parkeringsplassar, dekninga vert 2 per eining. Men parkeringsplassen f\_SPA1 må flyttast utanfor byggegrensa, vi vil ikkje akseptere at den ligg så nære fylkesvegen.

#### Rekkefølgjekrav

Det må leggast inn eit rekkefølgjekrav om at avkøyrsla til fylkesveg 5314 Melandsvegen må opparbeidast før det kan gjevast løye tilbygging av bustadane i planen. Det må også settast rekkefølgjekrav om bygging av fortau i reguleringsplanen, det som skal gå mot barnehagen, men også

#### Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

## Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld veg og infrastruktur. Vi ber om at punkta over vert retta i plankart og føresegns for reguleringsplanen, og å få tilsendt tekniske teikningar for fylkesvegen.

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagleiar  
SUD – Plan, klima og folkehelse

**Liz Eva Tøllefsen**  
seniorrådgjevar  
SUD - Plan, klima og folkehelse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Saksbehandlarar:

Lillian Bakke Byrknes, seksjon for veg og infrastruktur

Sigrun Wølstad, seksjon for kulturarv

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål